

tor@abo-ark.no

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1051 - 22/9847

Saksbehandlar:
Berit Eskeland
berit.eskeland@alver.kommune.no

Dato:
02.02.2022

Svar – Søknad om kjøp av del av gnr 188/531 i Alver kommune

Søkjar ønskjer å kjøpe del av gnr 188/531 for å opparbeide passersingslomme og ny avkjørsel fra E39 i tråd med kartvedlegg datert 24.01.22. Areallet er i dag regulert til friområde i gjeldande reguleringsplan Felt E Såta.

Alver kommune har vedteke retningsliner for sal av kommunal eigedom vedteke av kommunestyret 26.11.20. I følgje retningslinene skal kommunen som hovudregel ikkje selgje areal regulert som friområde. I dei tilfelle det er aktuelt å selgje slike område skal det gjerast ei særskilt vurdering.

Vurdering av sal

I dette tilfelle er arealet som er omsøkt ein svært liten del av friområde som ligg heilt inntil E39 og communal veg Oteråsen. Arelet har dermed ikkje ein særskilt verdi som friområde, men tener istaden formålet som buffersone mellom E39 og communal veg Oteråsen. Kommunen som grunneigar vurderer på denne bakgrunn at dette er eit areal kommunen kan avhende sjølv om det er regulert som friområde.

Men vi ser at det er fleire omsyn å ta i den vidare saksbehandlinga av vegløysinga som kommunen ikkje kan ta stilling til no. Den vidare saksbehandlinga må vurderast etter fleire lovverk, og her kan det dukke opp omsyn og krav som kommunen enno ikkje kan ta stilling til i denne delen av prosessen. Det er dermed ikkje formålet som friområde som gjer avhending av arealet spesielt utfordrande, men problemstillingane knytt til etablering av ei ny passersingslomme og avkjørsel som ikkje er regulert i plan.

Vilkår

Alver kommune som grunneigar vil vere villig til å selgje det omsøkte arealet på gnr 188/531 på følgjande vilkår:

- Vegløysinga som heilskap vert godkjent av Statens vegvesen og Alver kommune som vegmynde
- Tilkomst og opparbeiding av næringsområde vert godkjent av Alver kommune etter plan- og bygningslova

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Først når det ligg føre nødvendige godkjenninger kan kommunen utarbeide kjøpsavtale.

Med helsing
Alver kommune, Utbygging og avtalar

Berit Eskeland
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
tor@abo-ark.no